

# INVITASJON

## Arbeidsliv og psykisk helse.

Ivar Aasen-tunet,

torsdag 14. oktober frå kl. 09.00 – kl. 15.00.

*I høve Verdsdagen for psykisk helse inviterer Loftet dagsenter i Ørsta kommune, Topp Trening og Hjelp24, avd.Søre Sunnmøre, til ein kursdag med inspirasjon, refleksjon og dialog om arbeidsliv og psykisk helse.*

### Kven møter du på kursdagen?

**Gudny Fagerhol**, ordfører Ørsta kommune

**Joanne Picton Aarseth**, leiar Loftet dagsenter

**Rune Haugen**, seniorrådgjevar Vida Pluss AS

**Olav Elling Gausdal**, rådgjevar NAV Arbeidslivssenter

**Hege Karete Hamre**, leiar Furene

**Leiv Bjørndal**, bedriftslege Hjelp24

**Hermod Halse**, leiar Styrk-Arbeid Prosjektet, Volda kommune

**Trude Flø Johnsen**, rådgjevar ToppTrening

I tillegg vil du få møte fleire andre ressurspersonar som vil dele sine erfaringar. Vi byr på opplevingar i løpet av kursdagen som du seint vil gløyme: I tillegg til å vandre i fagert kulturlandskap og smake på Idar sine tradisjonsrike vaffler, gir vi deg pauseunderholdning du vil kjenne i fleire dagar 😊



### Målgruppe:

Alle leiarar med personalansvar, tillitsvalde, verneombod, medlemar av AMU, HMS/BHT, helsepersonell, politikarar og alle med interesse for temaet.

### Pris:

Kr. 350,- inkludert enkel lunsj, kaffi og frukt. Overskot frå kurset går uavkorta til "Ut i arbeid"-prosjektet på Loftet dagsenter.

### Bindande påmelding :

Innan 13. oktober til Joanne Picton Aarseth  
e-mail: [joanne.aarseth@orsta.kommune.no](mailto:joanne.aarseth@orsta.kommune.no)  
Telefon: 99 49 51 11

**Velkomen til ein spennande kursdag!**



# Kursprogram

- 09.00 **Åpning v/ ordfører Gudny Fagerhol**
- 09.15 **Arbeid som friskfaktor!**  
Er arbeid undervurdert som kjelde til god helse?  
Kva er helsefremjande leiarskap?  
Korleis flytte fokus på sjukdom og diagnosar til helse og friskfaktorar?  
**Rune Haugen, Vida Pluss**
- 09.40 **"Å bli sett"**  
**Leiv Bjørndal, Hjelp24**
- 10.25 **Frå gode intensjonar til god praksis på Loftet dagsenter.**  
Å hjelpe utan å ansvarleggjere kan hindre personleg vekst og utvikling.  
**Joanne Picton Aarseth m/fleire**
- 10.35 **Pause med forfriskingar**
- 11.00 **Arbeidslina satt i system ved Furene.**  
Korleis vi legg til rette for vidare personleg utvikling hjå arbeidssøkarar etter den politisk vedtekne arbeidslinja.  
**Hege Karete Hamre, Furene**
- 11.30 **Korleis involvere og ansvarleggjere gjennom lavterskeltilbod?**  
Fokus på inkludering, meistring og tilhøyre i Styrk-Arbeid prosjektet.  
**Hermod Hasle, Volda kommune**
- 12.00 **Lunsj**
- 13.00 **Inkluderande arbeidsliv (IA) og psykisk helse.**  
Kva gjer NAV Arbeidslivssenter på dette området?  
**Olav Elling Gausdal, NAV Arbeidslivssenter**
- 13.30 **Arbeidsplassen som arena for livsstilsending og helse**
- 13.50 **Pausen du seint vil gløyme** © Frå teori til praksis.  
**Trude Flø Johnsen, ToppTrening**
- 14.15 **Korleis bli betre på området arbeid og psykisk helse?**  
Alle bidreg i dialogen gjennom ei felles arbeidsøkt.
- 14.45 **Oppsummering**
- 15.00 **Avslutning**



**Rune Haugen** som skal leie oss gjennom kursdagen har 23 års erfaring som gründar og sjølvstendig næringsdrivande. Rune er ein etterspurt rådgjevar, kurs- og føredragsholdar innanfor prestasjonsforbetring. Rune brenn for eit meir inkluderande arbeidsliv og eit meningsfullt arbeid som ei av kjeldene til god helse. Han snakkar varmt om involvering gjennom den gode dialogen for på den måten å ansvarleggjere alle partar.

Dei siste åra har han også vore ansvarleg for Handelshøyskolen BI si konferanse om helsefremjande arbeidsplassar. Rune og kollega Erik Slinning i Vida Pluss AS kjem snart med boka "Helsefremmende lederskap" på Gyldendal forlag. I arbeidet med boka har forfattarene hatt glede av å intervjue partane i arbeidslivet, inkludert 25 av dei fremste leiarane i offentleg og privat sektor. Rune vil gje oss smakebitar frå boka undervegs i kursdagen.

**Velkommen!**

